



# St.prp. nr. 30

## (2003–2004)

### Om endringar på statsbudsjettet for 2003 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 14. november 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

#### 1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått enkelte endringar i løyingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2003.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det foreslått endringar, jf. omtale nedanfor.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 83,5 mill. kroner.

Det blir og gjort framlegg om å auke bistandsramma med 166,8 mill. kroner til å dekkje meirutgifter til flyktningar i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

statsborgarskap, om opphalds-, arbeids- og busejtningstillatingar og om fornying av tillatingar. Det blei rekna med gebyrinntekter i 2003 på 9,2 mill. kroner på Utanriksdepartementets budsjett. Som følgje av innføringa av behandlingsgebyr blei det oppretta ny inntektspost under kap. 3101 Utanriksstasjonane post 02 Gebyrer, utlendingssaker.

I tillegg blei utgiftssida i budsjettet for 2003 auka med 1,7 mill. kroner til å dekkje administrasjonskostnader.

Innføringa av behandlingsgebyr er blitt forseinka, og ordninga trådte først i kraft 1. oktober i år. Dette vil seie at både inntekts- og utgiftssida må reduserast med 75 pst.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på Utanriksdepartementets kap. 101 post 01 på 1,275 mill. kroner og ein reduksjon av inntektene på 6,9 mill. kroner jf. omtale under kap 3101 post 02.

#### Programområde 02 Utanriksforvaltning

##### Kap. 101 Utanriksstasjonane

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Da statsbudsjettet for 2003 blei vedtatt hausten 2002, blei det lagt til grunn at det frå 2003 skulle innførast eit behandlingsgebyr på søknader om

##### Kap. 3101 Utanriksstasjonane

###### *Post 02 Gebyrer utlendingssaker*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 6,9 mill. kroner jf. omtale under kap 101 post 01.

## Kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon

### *Post 01 Driftsutgifter*

Posten dekkjer mellom anna utgifter til statsbesøk frå utlandet. For å kunne dekkje opp venta besøk i år, blir det gjort framlegg om ein auke på 2,3 mill. kroner.

## Kap 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Med utgangspunkt i eit redusert løvingsbehov blir det gjort framlegg om ein reduksjon på 2,3 mill. kroner.

## Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjoner

### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjoner*

Det ser ut til å bli eit mindreforbruk på om lag 30 mill. kroner i 2003. Dette har i hovudsak samanheng med redusert løvingsbehov knytt til FNs fredsbevarande operasjonar. Desse utgiftene vil variere avhengig av talet på operasjonar som startar opp og blir fasa ut, og det er følgjeleg knytt ein del usikkerheit til anslaget.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 30 mill. kroner.

## Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

### **ODA-godkjend utviklingshjelp**

## Kap. 153 Utviklingshjelp til Mellom-Amerika

### *Post 79 Tiltak under utfasing, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 1,3 mill. kroner på grunn av utfasing av prosjekt på Cuba.

## Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratitwikling

### *Post 72 Demokratistøtte/parti, kan overførast*

Opprettinga av Norsk Senter for Demokratistøtte blei forseinka. Senteret blei oppretta i oktober 2002. Ubrukte midlar på til saman 4,3 mill. kroner blei overførte frå 2002 til 2003.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3 mill. kroner

## *Post 75 Internasjonale ikkje-statlege organisasjoner og nettverk, kan overførast*

Enkelte av tiltaka på miljøområdet har ikkje latt seg realisera i inneverande år. Det er difor mindre behov for midlar til internasjonale ikkje-statlege organisasjoner og nettverk enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 0,8 mill. kroner.

## Kap. 161 Næringsutvikling

### *Post 70 Nærings- og handelstiltak, kan overførast*

Det vil bli gjort mindre utbetalingar til nærings- og handelstiltak i år enn venta på grunn av mindre etterspurnad.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 7,5 mill. kroner.

## *Post 72 Finansieringsordninga for utviklingstiltak, kan overførast*

Det er mindre behov for midlar enn rekna med mellom anna fordi ein ikkje reknar med utbetaling av ubundne blanda kredittar. Dette gjeld mellom anna ei større utbetaling til Kina på 20 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 30,5 mill. kroner.

## Kap. 163 Nødhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

### *Post 70 Naturkatastrofar, kan overførast*

Den omfattande matvarekrisa på Afrikas horn har kravd store ressursar. Samtidig er det behov for auka innsats for førebyggjing av naturkatastrofar, ikkje minst i Afrika, men også i Asia og Latin-Amerika.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 5 mill. kroner.

## *Post 71 Humanitær hjelp og menneskerettar, kan overførast*

Den humanitære situasjonen i D.R. Kongo er svært vanskeleg samtidig som situasjonen i Burundi er blitt ytterlegare forverra. I Liberia er det fortsatt store udekka humanitære behov. Den positive utviklinga i Angola har ført til store behov i forbindelse med repatriering og gjenbusetjing.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 10 mill. kroner.

## **Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Det er mindre behov for midlar enn rekna med fordi det vil bli gjennomført færre evalueringar enn planlagt.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,2 mill. kroner.

## **Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak**

### *Post 70 Ymse tilskot*

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 20 mill. kroner.

### *Post 71 Internasjonale prosessar og konvensjonar m.v., kan overførast*

Det er mindre behov for midlar til oppfølging og støtte til utviklingslanda si deltaking i internasjonale prosessar og konvensjonar på miljøområdet enn ein rekna med.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3,7 mill. kroner.

## **Kap 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Anslag over utgifter til flyktningar i Noreg har auka monaleg sidan budsjettet for 2003 blei vedteke. Nokre utgifter knytta til flyktningars opphold i Noreg det første året er godkjend som offisiell utviklingshjelp (ODA) og blir dekka under kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, post 21 Spesielle driftsutgifter. Dette gjeld mellom anna opphaldsutgifter, utgifter til opplæring av barn i mottak og andre opplæringsformål. Meirutgiftene til slike formål er rekna til 166,8 mill. kroner. Beløpet blir foreslått dekka ved å auke bistandsramma.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 166,8 mill. kroner.

## **Kap. 0170 FN-organisasjonar m.v.**

### *Post 78 Tilskot andre FN-organisasjonar m.v.*

På posten løyvast ODA-delen av kontingentar til FN-organisasjonar og andre multilaterale organisa-

sjonar. Hovudsakeleg grunna valutakursendringar kan løyvinga reduserast.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 10 mill. kroner.

## **Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar**

### *Post 70 Verdsbanken, kan overførast*

Noreg forplikta seg under IDA 13-forhandlingane til å bidra med til saman 1 751 270 000 kroner for treårsperioden 2002–2004. I budsjettet for 2003 blei det løyva 584 mill. kroner til føremålet. Stortinget vedtok i omfordelinga i vår å redusere posten med til saman 70 mill. kroner, jf Innst. S. nr. 260 (2002–2003).

Ved omfordelingar innafor den ODA-godkjende bistandsramma er det funne midlar til inndekjing for reduksjonen nemnd ovanfor, og det pliktige bidraget på 584 mill. kroner til IDA kan utbetalas som opphavleg planlagd. Til saman 1,5 mill. kroner kan dekkast av ledige midlar på posten og resten må løyvast.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 68,5 mill. kroner.

### *Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast*

Det er løyvd 499 mill. kroner til ei rad organisasjoner på posten. Hovudsakleg grunna valutakursendringar kan løyvinga reduserast med 4,5 mill. kroner til 494,5 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 4,5 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

tilrår :

At Dykker Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2003 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2003 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### **til vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2003 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.**

#### I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
101		Utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 793 987 000 til kr 792 712 000	1 275 000
103		Regjeringas fellesbevilgning for representasjon	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 7 000 000 til kr 9 300 000	2 300 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 8 350 000 til kr 6 050 000	2 300 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjoner	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjoner, blir redusert med ..... frå kr 680 593 000 til kr 650 593 000	30 000 000
153		Utviklingshjelp til Mellom-Amerika	
	79	Tiltak under utfasing, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 6 000 000 til kr 4 700 000	1 300 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	72	Demokratistøtte/parti, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 5 000 000 til kr 2 000 000	3 000 000
	75	Internasjonale ikkje-statlege organisasjoner og nettverk, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 123 800 000 til kr 123 000 000	800 000
161		Næringsutvikling (jf. kap. 3161)	
	70	Nærings- og handelstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 64 000 000 til kr 56 500 000	7 500 000
	72	Finansieringsordninga for utviklingstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 195 000 000 til kr 164 500 000	30 500 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 220 000 000 til kr 225 000 000	5 000 000
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 240 000 000 til kr 1 250 000 000	10 000 000
165		Forsking, kompetanseheving og evaluering	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 97 500 000 til kr 95 300 000	2 200 000
166		Tilskot til ymse hjelpetiltak	
	70	Ymse tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 20 618 000 til kr 618 000	20 000 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.v., <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 62 000 000 til kr 58 300 000	3 700 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
167	21	Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA) Spesielle driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 082 436 000 til kr 1 249 236 000	166 800 000
170	78	FN-organisasjonar m.v. Tilskot andre FN-organisasjonar m.v., blir redusert med ..... frå kr 105 500 000 til kr 95 500 000	10 000 000
171	70	Multilaterale finansinstitusjonar Verdsbanken, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 514 000 000 til kr 582 500 000	68 500 000
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 499 000 000 til kr 494 500 000	4 500 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3101	02	Utanriksstasjonane Gebyr utlendingssakar, blir redusert med ..... frå kr 9 200 000 til kr 2 300 000	6 900 000







Nordmøre  
Trykk A/S O. Fredr. Amesen. November 2003